

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/2158-1

Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 18.03.14

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon versjon 1-14 til vitande

Vedlegg:

- Status FR – versjon 1-14, datert 5.3.14

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon seinast innan utgangen av året etter fylkestingsval, som inneheld forvaltningsrevisjonsprosjekt som kontrollutvalet skal få gjennomført i løpet av valperioden.

Kontrollutvalet legg fram rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar til fylkestinget, som gjer vedtak om eventuell oppfølging av tiltak som revisor har nedfelt i dei forskjellige rapportane.

Kontrollutvalet skal sjå til at vedtak som fylkestinget har fatta skal følgjast opp. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at eigne vedtak vert følgt opp i organisasjonen.

For å få struktur på oppfølgingar av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt vert det gjennomført møte mellom kontrollsjefen og ein representant for fylkesrådmannen der status for oppfølginga er tema. All oppfølging vert nedfelt i ein statusrapport, og denne rapporten vert framlagt for kontrollutvalet 2 gonger i året, vår og haust. Dette er også i samsvar med årsplanen for utvalet.

Status som vert lagt fram til møtet 18.03.14 er på bakgrunn av oppfølging som er gjort i løpet av hausten og fram til oppfølgingsmøte mellom kontrollsjef og administrasjon 05.03.14.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta statusrapporten til vitande.